

NVE Konesjonsavdelinga  
5091 Majorstua  
0301 Oslo

## UTTALE TIL FLOMLUKER SOM ALTERNATIV FLAUMSIKRING AV OPO I ODDA KOMMUNE

Fleire grunneigarar som har eigedomar på austsida av elva Opo, er svært skeptiske til om bygging av flomluker er ei sikker løysing for førebygging mot framtidige flaumar. Vi har tidlegare hevda at elveløpet ved utfallsosen i Vasstun er for trangt for ein ny og vesentleg større flaum enn 100-årsflaumen vi hadde i 2014. Både utbygging av riksvegen med to bruer og bygging av Vasstun kafe (Odd Fellow-bygget) med tilhøyrande uteareal, har innsnevra det opprinnelege tverrsnittet elva historisk har hatt for flaumavløp. Det er derfor behov for ein **flaumtunnel** for å redusera vassføringa her ved nye storflaumar.

Tiltaket med flaumluker vil ha svært liten flaumdempande effekt for elva nedstraums Sandvinvatnet, særleg ved meir langvarige flaumar. Dette vedgjekk også Multiconsult as på folkemøtet der flaumlukealternativet vart presentert. Når alt vatnet vert tilbakeført i same elveløpet litt lenger nede i utfallsosen, vil energien ved store flaumar verta like stor vidare nedover i elva. Særleg vil våre eigedomar som ikkje har fått sikringstiltak, vera svært utsette for nye skadar. Det kan gå nye steinras i elva her som kan medføre oppdemming og overfløyning lenger nede i elva, også der NVE har utført sikringstiltak.

Ved større varige flaumar vil dei som skal styra flaumlukene fort få eit vanskelege val: Skal lukene opnast for at vasstanden ikkje skal føra til overfløyning på Sandvin/Hildal? Eller skal lukene haldast stengt slik at ein ikkje får flaumskadar langsetter Opo? Flaumlukealternativet kan ikkje gje sikring i begge områda samstundes. Slukekapasiteten i flaumlukene er også berre ca. halvparten av slukekapasiteten i planlagt flaumtunnel, og dette gjer at faren for flaumskadar vert vesentleg større.

Kanalen for flaumluka peikar austover i retning mot våre eigedomar, og vil tvinga samla vasstraum mot oss. I tillegg er det konstatert både av Multiconsult og NVE at det er naudsynt med heving av terrenget vest for brua i Vasstun. Dette for å unngå at flaumvatn vil renna ned riksvegen mot Eidesdalen. Det betyr også at flaumvatnet vil verta pressa over mot oss på austsida av elva.

Vi stiller oss også tvilande til kor forsvarleg det er å grava og sprenga ein 5m x 10 m kanal (byggegrova vert kanskje på min. 6m x 12 m) i terskelen som demmer opp Sandvinsvatnet. Det er opplyst at det ikkje er gjort eigne geologiske undersøkingar av stabiliteten i massane her med tanke på ei slik utgraving/sprenging. Ein må vera sikker på at sprenging og utgraving her ikkje vil endra stabiliteten med fare for dramatisk nedtapping av Sandvinsvatnet og tilhøyrande storflaum vidare nedover.

Vi meiner at det klart beste alternativet er ein flaumtunnel som fører vatnet utanom tettstaden og til fjorden. Dette vil gje oss og seinare generasjonar tryggleik for skade på hus og heim **langs heile elva** gjennom tettstaden, samt gje god flaumsikring av Sandvin/Hildal.

Helsing

Torbjørn Jordal  
Gnr 54 bnr 1

Birger Mannsåker  
Gnr 55 bnr 2

Olav Seim  
Gnr 55 bnr 3

Lars Arne Sandvin  
Gnr 55 bnr 1

Tor Henrik Mannsåker  
Gnr 55 bnr 4

Alf Johan Helgestad  
Gnr 56 bnr 3